

Høyringsnotat

Framlegg til endring av yrkestransportlova og yrkestransportforskrifta – heimel for gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet har utarbeidd eit framlegg til endring av lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova), samt endringar til forskrifter til lova. Lovendringa gir heimel for å krevje gebyr frå kandidatar som skal ta eksamen knytt til faglege krav for tildeling av løyve for godstransport og persontransport (turbuss, drosje, selskapsvognløyve og løyve for transport for funksjonshemma). Lovendringa skal og omfatte utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen. Den nye heimelen vil bli innarbeidd i yrkestransportlova § 31 om heimel til å krevje gebyr.

Årsaka til at det er nødvendig med ein heimel for å kunne krevje gebyr er at Statens vegvesen (SVV) skal overta ansvaret for gjennomføring av eksamen. Etter planen skal dette gjennomførast frå 1. januar 2017 eller tidlegst mogleg etter dette. Eksamensordninga skal vere gebyrfinansiert.

Departementet gjer og framlegg om å endre forskrift av 26. mars 2003 nr 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) § 12 for å kunne fastsette storleiken på gebyret. Gebyret for å ta løyveeksamen setjast til kr 1600,-. Gebyret for å få utferda kompetansebevis setjast til kr 270,-. Vidare gjer departementet framlegg om å endre § 8 i forskrifta som gjeld krav til fagleg kompetanse for tildeling av løyve. Dette som følgje av at det ikkje lenger er nødvendig med godkjenning av eksamensordninga når Statens vegvesen blir det einaste organet som skal gjennomføre eksamen.

Departementet gjer og framlegg om å endre forskrift av 21. november 2014 nr. 1453 om endring i forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskrifta) § 9. Denne føresegna er ikkje sett i verk. Framlegget til endring er grunngeve med at departementet likevel ikkje vil innføre ei godkjennings- og tilsynsordning med utdaningsinstitusjonar som tilbyr opplæring i dei relevante faga for løyveeksamen. Vidare vert det gjort framlegg om språklege endringar i føresegna.

2 Bakgrunn for forslag til lov- og forskriftsendringar

Som følgje av implementeringa av Europaparlamentets og Rådets forordning (EF) nr. 1071/2009 (forordninga) er det behov for lov- og forskriftsendringar som sikrar etterleving av reglane om kompetansekrav for å ha løyve. Behovet for lovendringar ble varsla i Samferdselsdepartementet sitt høyringsnotat 9. juli 2014 om endringar av yrkestransportforskrifta ved gjennomføringa av vegpakka i norsk rett, og endringar i løyveordninga og løyveperioden. I høyringsnotatet ble det lagt til grunn at det var hensiktsmessig at SVV, som einaste instans, skal arrangere eksamen knytt til dei faglege krava for tildeling av løyve for godstransport, turvogn, drosje, selskapsvogn og løyve for transport for funksjonshemma. SVV fekk og i oppgåve å drive godkjenning og tilsyn med utdaningsinstitusjonar som tilbyr opplæring i dei relevante faga for løyveeksamen, jf. forskrift 21. november 2014 nr. 1453 om endring av forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy § 9 (ikkje sett i verk). Føremålet med føresegna var å sikre eit meir effektivt tilsyn med utdanningsinstitusjonane.

Bakgrunnen for at eksamensordninga ikkje er sett i verk, er at det er ein del faglege og tekniske løysingar som må på plass før ordninga kan setjast i verk.

I dag gjennomfører kandidatane løyveeksamen saman med opplæring i dei vidaregåande skulane og hos private utdanningsinstitusjonar. Innhaldet i den nye eksamensordninga er nærare utdjupa i ovannemnde høyringsnotat av 9. juli 2014. Som det her blei vist til kan ikkje dei vidaregåande skulane og dei private utdanningsinstitusjonane lenger tilby eksamen etter at SVV overtek ansvaret for eksamensordninga. Høvet for å få utferda løyve på bakgrunn av ei realkompetansevurdering forsvinn og ved implementeringa av forordninga.

At SVV får ansvaret for eksamen får ikkje følgjer for dei som har løyve i dag. Etter forordninga art. 21 nr. 2 skal prov på faglege kvalifikasjonar ut frå dei tidlegare krava vere likeverdige med eit kompetanseprov utferdiga etter dei nye krava, sjå og yrkestransportforskrifta § 8 første ledd.

Når ordninga med eksamen hos SVV som einaste alternativ vert etablert, vil ein ikkje lenger kunne ta utdanning for løyve etter gammal ordning og søkje om løyve på grunnlag av den. Som nemnd i høyringsnotat av 9. juli 2014 vil likevel søkjarar som avslutta utdanninga i den vidaregåande skulen og hos dei godkjende fjernundervisningsinstitusjonane før den nye eksamensordninga vert sett i verk, framleis kunne få løyve på grunnlag av gammal ordning. Dette omfattar løyveutdanninga frå 2002, omtalt i rundskriv N-4/2002, og løyveutdanninga frå 2008, omtalt i rundskriv N-1/2008.

Dei vidaregåande skulane og dei private utdanningsinstitusjonane kan fortsatt tilby undervisning. Kandidatane deira vil etter lovendringa måtte gjennomføre ein skriftleg eksamen hos SVV for å få godkjend sin faglege kompetanse etter yrkestransportlova § 4. Dei faglege kompetansekrava går fram av art. 3 nr. 1 bokstav d) og art. 8 nr. 1 i forordninga, og er ikkje endra frå tidlegere kompetansekrav.

Dei som har bestått eksamen har etter artikkel 21 i forordninga krav på å utstedt ein attest som bevis på faglig dyktigheit (kompetansebevis). Det ble i høyringsnotatet av 9. juli 2014 lagt til grunn at SVV får ansvaret for å utferde kompetansebevis etter forordninga.

Departementet tek sikte på at SVV vil gjennomføre eksamen frå og med 1. januar 2017 eller så tidleg som mogleg etter dette.

Samstundes med at departementet gjer framlegg om endring av yrkestransportlova der det vert etablert heimel for at departementet kan fastsetje gebyr for å ta løyveeksamen og få utferda kompetansebevis, vert det gjort framlegg om endring av yrkestransportforskrifta for å fastsetje storleiken på desse gebyra.

Departementet gjer òg framlegg om å endre forskrift av 21. november 2014 nr 1453 om endring i forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy. Forskrifta er ikkje sett i verk. Endringa inneber at departementet ikkje innfører ei godkjennings- og tilsynsordning med utdaningsinstitusjonar som tilbyr opplæring i dei relevante faga for løyveeksamen som. Det vert og gjort framlegg om språklege endringar i føresegna.

Når SVV overtek ansvaret for løyveeksamen, vil krava til korleis eksamen skal avviklast og kven som er godkjende som utdanningsinstitusjonar gå fram av høvesvis forordninga og yrkestransportforskrifta, og ikkje av departementet sine rundskriv.

Når SVV overtek ansvaret for løyveeksamen vil private utdanningsinstitusjonar fritt kunne tilby opplæring. I høyringsnotatet av 9. juli 2014 la departementet til grunn at opplæringa ikkje skulle gjerast obligatorisk når SVV overtok ansvaret for løyveeksamen. Av den årsaka ser departementet det heller ikkje som naudsynt eller naturleg å innføre ei godkjennings- og tilsynsordning med utdaningsinstitusjonar som tilbyr ei valfri opplæring. Departementet gjer difor framlegg om å ikkje innføre ei slik ordning.

3 Behov for endring av yrkestransportlova og yrkestransportforskriften

3.1 Forslag til endring i yrkestransportlova

3.1.1 Gjeldande rett

Yrkestransportlova § 31 gir heimel for at departementet i forskrift kan fastsetje at det skal betalast gebyr for utferding av løyvedokument, løyveskilt eller annan dokumentasjon etter lova. Etter departementet si vurdering er ordlyden i denne paragrafen ikkje tilstrekkeleg vid eller klar, for å kunne fastsetje forskrift med krav om gebyr frå kandidatar som tek eksamen knytt til faglege krav for tildeling av løyve, eller krevje gebyr for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen.

3.1.2 Forslag til endring

Departementet gjer framlegg om å ta inn ein regel i yrkestransportlova som seier at departementet kan gje forskrift om at det kan krevjast gebyr frå dei som skal ta løyveeksamen og for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen.

Det bør være høve for SVV og løyvemyndigheita til å krevje gebyr for høvesvis avvikling av eksamen og utferding av kompetansebevis. Gjennomføring av løyveeksamen medfører kostnader i form av ressursar til utarbeiding av eksamensoppgåver, personell som skal være til stades på eksamen og retting av eksamensoppgåvene. Det er naturleg at dei som ønskjer å ta eksamen for å oppfylle krava til dei faglege kvalifikasjonane for løyve, er med på å dekkje kostnadene ved ordninga. Vidare er det naturleg at kostnadene ved utferdinga av kompetansebevis dekkast av dei som ønskjer å få eit slikt bevis. Ei gebyrordning må ikkje vere større enn dei kostnadene SVV og løyvemyndigheita har som følgje av å administrere ordninga. Det leggjast til grunn at gebyra skal vurderast justert kvart år, slik det vert gjort med andre offentlege gebyr.

Departementet legg opp til at eksamensgebyret vert betalt av kandidaten som skal ta eksamen som eit eingongsgebyr når vedkommande tek eksamen. Det skal betalast gebyr for kvart eksamensforsøk. Dette svarar til ordninga til dømes for førarprøven. Gebyret skal og omfatte utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen. Gebyr for utferding (produksjon) av kompetansebevis vert og betalt som eit eingongsgebyr.

Inntektene knytt til gebyrordningane for eksamen og utferding av kompetansebevis blir føresett å tilkome staten til dekning av kostnadene ved å administrere ordninga. Sjølve gebyrordningane med betalingssatsar vil i likskap med gebyra for løyvedokument bli fastsette i forskrifter.

3.2 Forslag til endring i yrkestransportforskrifta

3.2.1 Gjeldande rett

I dag er kravet om fagleg kompetanse mellom anna oppfylt dersom søkjaren anten kan leggje frem vitnemål for bestått eksamen frå ei eksamensordning som er godkjent av departementet, jf. yrkestransportforskrifta § 8. Departementet har ført tilsyn med dei private undervisningsinstitusjonane som har vore godkjende gjennom løpande dialog og tilbakemeldingar om eksamens- og undervisningsordningar deira. Yrkestransportforskrifta inneheld ikkje heimel til å fastsetje storleiken på gebyret for å ta eksamen eller for utferding av kompetansebevis. Dei private undervisningsinstitusjonane kan fastsetje vederlag for tenestene sine utan slik heimel.

Det er i dag fem måtar å oppfylle kravet til fagleg kompetanse på:

(i) Ved å følgje utdanninga i den vidaregåande skulen i dei aktuelle programfaga, og i tillegg ta teoriprøve til førarkort klasse C1 eller D1

ii) Ved å ta eksamen i dei aktuelle programfaga som privatist i den vidaregåande skulen, og i tillegg ta teoriprøve til førarkort klasse C1 eller D1

Skuleelevar vil gjennomgå ei grundig opplæring, og vil ha skriftleg eksamen i dei aktuelle faga dersom dei blir trekte ut til dette. Privatistar vil ikkje nødvendigvis gjennomgå opplæring, men vil alltid gjennomføre skriftleg eksamen i dei aktuelle faga.

Vidare kan fagkompetansekravet oppfyllest ved å:

iii) Ta løyvekurs og eksamen ved ein av dei to institusjonane departementet har godkjent for formålet, NKI og Kompetanseteam Vest, og i tillegg ta teoriprøve til førarkort klasse C1 eller D1

Dei som oppfyller kompetansekravet gjennom dette alternativet vil ha gjennomført opplæring og skriftleg eksamen.

Følgjande alternativ kan gi fritak for heile eller delar av programfaga i utdanningsløpet:

iv) Dei som søker løyve og er eldre enn 25 år kan få vurderte realkompetansen ved opplæringskontoret i fylket og få eit realkompetanseprov som dekkjer dei aktuelle programfaga, jf. opplæringslova § 4A-3

(v) Kandidatar som har teke bestemd utdanning ved høgskule, teknisk fagskule, Statens trafikklærarskule eller vidaregåande skule, nærmare omtalt i Samferdselsdepartementets rundskriv N-4/2002.

Dei konkrete krava til fagkombinasjonar er omtala i rundskriva N-4/2002 og N-1/2008.

Når SVV overtek ansvaret for eksamen vil det ikkje lenger være mogleg å oppfylle kompetansekravet gjennom desse fem alternativa, bortsett frå dei som allereie har avslutta utdanninga etter tidligare ordning, jf. avsnitt ovanfor. Departementet har i yrkestransportforskrifta § 8 opna for at personar som vedvarande har leia eit vegtransportføretak i ein eller fleire medlemsstatar i perioden på 10 år før 4. desember 2009 kan fritakast frå eksamenskravet i tråd med forordninga art. 9. Dette vil framleis gjelde.

Opplæringa for løyveeksamen er ikkje obligatorisk i dag, men er ein integrert del av eksamenstilbodet som dei godkjende undervisningsinstitusjonane tilbyr.

3.2.2 Forslag til endring

Når SVV overtek ansvaret for løyveeksamen vil det ikkje lenger vere grunn for departementet å godkjenne eksamensordning på same måte som i dag. Ved at opplæringa ikkje vert obligatorisk er det departementet si vurdering at det ikkje vil vere nødvendig eller naturleg å innføre ei ordning med offentleg godkjenning og tilsyn med dei som tilbyr opplæring. Aktørar som i framtida ønskjer å tilby opplæring i framkant av ein løyveeksamen er såleis fri til å organisere opplæringa si på ein hensiktsmessig måte. Den same ordninga er vald av svenske styresmakter.

Departementet har bede Vegdirektoratet vurdere kor stort gebyret bør vere for å dekkje dei kostnadene som SVV vil få ved ordninga. Kostnadene er knytt til utvikling av teorioppgåver, hardware og overvåkingsutstyr for teoriromma, bemanning med eksamensvakter systemkostnader, utvikling og vedlikehald av software. Samla gir dette ein gebyrkostnad på kr 580,- for teorieksamen. Tilleggskostnaden for løyveeksamen vil vere særskild utvikling av software for skriftlege oppgåver og ekstern sensor for oppgåvene. Eit anslag for desse tillegga er av SVV berekna til ca. kr. 1000,- pr. prøve. Estimatet vil da totalt bli ca. kr 1600 – 1800, Etter ei samla vurdering vert gebyret for avvikling av løyveeksamen og utferding av kompetansebevis skjønsmessig satt til kr 1600,-.

Når det gjeld gebyr for utferding av kompetansebevis har departementet valt å setje kostnaden lik med dagens kostnad ved produksjon av førarkort/kompetansebevis etter førerkortforskriften § 14-2. Gebyret for utferding av kompetansebevis vert da satt til kr 270,-.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er departementet si vurdering at endringane som vert lagt frem ikkje vil få vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for det offentlege ettersom ordninga er gebyrfinansiert.

For dei kandidatane som skal ta eksamen vil ein heimel for å krevje gebyr vere ei kostnad. Det går her eit skilje mellom dei som tek utdanninga på vidaregåande skule og dei som tek opplæring hos dei private utdanningsinstitusjonane. Førstnemnde vil få ein ekstrakostnad gjennom å måtte ta eksamen hos SVV og betale eksamensgebyret. Sistnemnde vil og måtte betale eksamensgebyr, men vil om ønskjeleg kunne lese til eksamen på eiga hand og dermed unngå kostnadene med den integrerte opplæringa. Når opplæringa blir friviljug vil truleg dette kunne bidra til ein redusert kostnad samanlikna med gjeldande ordning.

5 Framlegg til endringar i lov og forskrift

I

I lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) vert følgjande endra:

§ 31 skal lyde:

"Departementet kan i forskrifter fastsetje at det skal betalast gebyr for

a) utferding av løyvedokument, løyveskilt, eller annan dokumentasjon etter denne lova.

b) *avvikling av løyveeksamen og utferding av kompetansebevis*"

II

I forskrift av 26. mars 2003 nr 401 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) vert følgjande endra:

§ 8 første ledd skal lyde:

"For den som har eller søker om løyve for godstransport og turvogn følger de nærmere kravene til faglig kompetanse og dokumentasjon av slik kompetanse av forordning (EF) nr. 1071/2009 art. 8 og 21. Kravet om faglig kompetanse anses ellers å være oppfylt dersom søkeren enten kan fremlegge vitnemål for bestått *eksamen*, *innehar* løyve for den løyvetype det søkes om, eller har ledet et transportforetak sammenhengende i perioden på 10 år før 4. desember 2009."

§ 12 nytt tredje og fjerde ledd skal lyde:

"Ved gjennomføring av eksamen etter § 8 skal det betales et gebyr på 1600,- kroner.

Ved utstedelse av kompetansebevis etter § 8 skal det betales et gebyr på 270,- kroner til den løyvemyndighet som utsteder dokumentet."

III

I forskrift 21. november 2014 nr. 1453 om endring av forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) vert følgjande endra:

§ 9 skal lyde:

"Eksamen etter § 8 første ledd skal avlegges hos Statens vegvesen. Departementet kan fastsette nærmere retningslinjer for søkere som har bestått løyveutdanning etter tidligere ordninger."

IV

Ikrafttredelse

Endring av lov og forskrift trer i kraft når Kongen bestemmer.